

# FORSKRIFT OM SKULEREGLAR FOR HØYDALSMO SKULE, TOKKE KOMMUNE, TELEMARK

*Fastsett av oppvekstutvalet 25.0225 med heimel i lov 9.juni 2023 nr. 30 om  
grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 10-7.*

## **§ 1 Formål**

Skulereglane skal bidra til å fremje helse, trivsel og læring for elevane. Det skal legges grunnlag for at elevar viser respekt og tek medansvar for eit trygt og godt læringsmiljø. Skulen skal samarbeide med føresette og elevar i arbeidet for å nå måla, men føresette har hovudansvaret for oppdaging av sitt born (jf. Barnelova kap.5).

Skulereglane skal ivareta den enkelte elevs rettigheter og plikter i tillegg til det som er fastsett i lov eller på anna måte.

## **§ 2 Verkeområde**

Skulereglane gjeld for elevane på Høydalsmo skule.

Skulereglane inneheld reglar om orden og oppførsel, reglar om tiltak som skal kunne nyttast når elevar bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal handsamast.

Skulereglane gjeld for elevane i skuletida på skulens områder, på alternative læringsarenaer, skuleturar og ekskursjonar i skulens regi.

Skulereglane gjeld på skulevegen, og brot på reglane vert handtert, i samarbeid med føresette, når skulen blir gjort kjent med saka.

I tillegg høyrer turreglement for 10. klassetur med Kvite Bussar (vedlegg 1) og Tokke kommunes regelverk for bruk av datamaskiner i skulen (vedlegg 2) inn under ordensreglementet.

Skulereglane set rammer for korleis skuledemokratiet skal ivaretakast.

Skulen skal gjere elevar og føresette kjent med forskrift om skulereglar og skulen sine lokale reglar.

## **§ 3 Elevanes beste og elevens rett til å bli høyr**

I alle saker som vert handsama etter desse reglane, skal omsynet til elevens beste vere eit grunnleggande omsyn.

Skulen skal ivareta elevane sin rett til å bli høyr i saker som angår dei.

## § 4 Elevane sine rettar

Dette er elevanes rettar på skulen:

- Å ha det trygt og godt på skulen
- Å bli møtt med respekt
- Å få seie meininga si og bli lytta til
- Å få delta i skuledemokratiet og få vere med å påverke skulekvardagen sin
- Å få god og tilpassa opplæring
- Å få hjelp om ein strevar med å kome på skulen, delta aktivt i opplæringa eller følge reglane på skulen

•

## §5 Elevane sine plikter

Dette er elevane sine plikter på skulen:

- Å delta aktivt i opplæringa og gjere sitt beste. Dette betyr blant anna at elevane skal:
  - Møte til undervisninga i rett tid og melde i frå om ein er sjuk
  - Gjere oppgåvene du får
  - Levere arbeid i rett tid
  - Vere oppmerksam i timane og delta så godt dei kan
  - Ikkje vere på sosiale media eller forstyrre undervisninga
  - Ha med seg utstyret du treng og ha skulesakene i orden
- Å møte medelevar, lærarar og andre med vennlegheit og respekt

## § 6 Orden

Elevane skal ha god orden. Det er god orden å:

- a. møte presis og førebudd til undervisninga.
- b. å ta av seg og henge caps/lue og uteklede på knagg i gangen.
- c. ha med naudsynte læremiddel og utstyr. Anna utstyr takast berre med etter avtale med lærar.
- d. ha orden i skulesakene og halde det reint og ryddig rundt seg.
- e. handsame PC i samsvar med kommunes datareglement.
- f. gjere arbeid ein blir pålagt så godt ein kan og til rett tid.

## § 7 Åtferd

Elevane skal ha god åtferd. Det er god åtferd å:

- a. vere hyggelege og høflege med kvarandre, og bidra aktivt til eit godt skulemiljø for alle.
- b. rette seg etter bussjåføren og følgje trafikkreglane.
- c. følgje beskjedar og delta aktivt i skularbeidet.
- d. vise respekt for skulens og andres eigendelar.
- e. vere på skulen og delta i undervisninga heile skuledagen.
- f. nytte påkravd tryggingsutstyr, til dømes hjelm i Oftejordet og på skøytebanen.

Det er ikkje god åtferd å:

- a. banne eller bruka anna grovt språk.
- b. mobbe eller på andre måtar krenke andre fysisk, verbalt eller digitalt, eller stilleiande godta at andre gjer dette. Sjå også *Handlingsplan for eit godt skulemiljø i Tokke*.
- c. nytte vald eller trugsmål.
- d. drive med farleg leik, som leikeslossing og snøballkasting.
- e. unnlate sikkerheitsutstyr der det er påkrevd.
- f. ha med, vere påverka av eller nytte snus, røyk og andre rusmiddel.
- g. ha med farlege gjenstandar eller våpen på skulens område.
- h. fuske eller forsøke å fuske på prøver eller innleveringar.

I skuletida må elevar gjere avtale med lærar for å kunne:

- a. bruke mobiltelefon.  
Dersom elevar av ulike grunnar må ha med seg mobiltelefon, gjeld følgjande:  
1.-4.kl. – føresette melder til kontaktlærar. Mobiltelefonen leverast til lærar og låsast inn ved skulestart, og må hentast hjå lærar ved skuleslutt.  
5.-10.kl. – mobiltelefonen låsast inn i mobilhotell ved skulestart, og må hentast ved skuleslutt.  
Dersom mobiltelefonen blir bruka i undervisninga er det berre til dette undervisningsformålet.
- b. forlate skulens område
- c. ha med søtsaker, tyggis, snacks o.l.
- d. Ungdomsskuleelevane kan nytte tyggis når det ikkje er til sjenanse for andre.
  - Det skal ikkje vere til sjenanse for andre i form av lydar som slafsing og bobleblåsing.
  - Det skal ikkje bli gris og forsøpling med tyggis.
  - Den skal alltid kastas i søppelkassa.
  - Om læraren seier tyggisen skal kastas, skal eleven rette seg etter dette. Me brukar f. eks ikkje tyggis ved framsyningar.

Ordninga vil falle bort om reglane ikkje blir haldne. Evaluerast årleg.

## § 8 Sanksjonar

Ved brot på ordensreglementet nyttast følgjande sanksjonar:

- a. Eleven skrivast opp med merknad i skulen sitt administrasjonssystem. Eleven får beskjed om dette.
- b. Dersom eleven er meir enn 15 minutt for sein til ein time, vert det rekna ein times fråver i tillegg til ordensmerknad.
- c. Ved gjentakande eller grove brot blir heimane kontakta raskt, munnleg eller skriftleg.
- d. Samtale med rektor. Føresette bør vere med ved alvorlege brot/sanksjonar
- e. Møte mellom elev/føresette, lærar og rektor.
- f. Midlertidig eller permanent skulebytte kan bli konsekvens ved gjentakande eller grove brot på reglane.
- g. Ved gjentakande eller grove brot på reglane, kan elevar i ungdomsskulen få nedsett ordens- eller åtferdskaraktar. Ein hovudregel er at 15 ordensmerknadar fører til nedsett ordenskaraktar, med skriftleg varsel heim på 10 merknadar, medan 6 åtferdsmerknadar fører til nedsett åtferd, med skriftleg varsel heim på 3 merknadar. Det må likevel utøvast skjønn når karakter skal setjast, mellom anna ved grove brot og med tanke på korleis merknadane er fordelt gjennom semesteret.
- h. Gjenstandar inndragast dersom dei bryt mot nokre av punkta i § 6 eller § 7.
- i. Gode kan inndragast, til dømes tilgang på inneordning eller tilgang på data/nettverk, jf. også regelverket for bruk av datamaskiner i skulen.
- j. Hærverk må den ansvarlege betale for, jf. Skadeerstatningslova. Pålegge oppgåver før eller etter skuletid for å rette opp skade som eleven er ansvarleg for.
- k. Bortvising – for 1. – 7. trinn einskilde timar eller resten av skuledagen; for 8. – 10. trinn kan elevar ved alvorlege eller gjentekne brot på ordensreglementet visast bort i inntil tre dagar.
- l. Attsitjing og oppmøte utanom ordinær skuletid.
- m. Melding til politi eller konfliktråd om straffbare forhold.
- n. Dersom elevane ikkje rettar seg etter sanksjonar, blir det pålagt nye sanksjonar.
- o. Fysisk refsing eller anna krenkjande handsaming skal ikkje nyttast.

## § 9 Framgangsmåte

Skulen skal sørge for at avgjerd om sanksjon blir tatt på eit forsvarleg grunnlag. Eleven skal få høve til å uttale seg til den som skal ta avgjerda før denne er tatt, og viss mogleg få høve til å gjere opp for seg. Avgjerda skal grunnjevast. Ved avgjerder av særleg betydning skal avgjerda vere skriftleg. Skulen skal informere føresette om hendinga og kva for sanksjonar som er nytta. I alvorlege saker skal dei føresette involverast snarast råd. Før avgjerd om bortvising vert fatta, skal skulen ha vurdert andre sanksjonar eller hjelpetiltak. Bortvising ut over to klokketimar er eit einskildvedtak etter Opplæringslova § 13 -1, jf. Forvaltingslova § 2. Føresette til elevar på 1. – 7.

trinn skal varslast før elevar vert vist bort for resten av skuledagen. Sanksjonar som vert sett på som einskildvedtak, t.d. bortvising og skulebytte, følgjer sakshandsamingsreglane i Forvaltningslova.

I saker der elevar ikkje opplever at dei har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen straks reagere i samsvar med Opplæringslovas § 12-4.

### **§ 10 Skadeverk**

Ved skadeverk på skulen sine bygningar og/eller eigedeler kan eleven og elevens føresette gjerast erstatningsansvarlege etter skadeerstatningslova §1-1 og § 1-2. Elevane kan gis anledning til å utbetre skaden sjølv dersom dette vert å sjå på som hensiktsmessig.

### **§ 11 Straffbare tilhøve**

Straffbare tilhøve skal som hovudregel meldast til politiet.

### **§ 12 Skuledemokratiet**

Høydalsmo skule skal som eit minimum ha elevråd, FAU og Samarbeids- og skulemiljøutval (Jmfr Opplæringslova § 10-5)

### **§ 13 Ikraftsetjing**

Skulereglane skal gjelde frå 01.august 2025.